

Møteinnkalling

Utval:	Fylkesvalstyret
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	24.08.2021
Tid:	11:00 /rett etter avslutning av møte i fylkesutvalet

Program:

Fylkesvalstyret tek til rett etter avslutning av møte i fylkesutvalet

Saksbehandling til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkesvalstyret. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Jon Askeland
fylkesordførar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 11/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 12/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 22.06.21	2020/49095	
	Referatsaker		
RS 5/21	Kopibrev - vedtak - Stortingsvalet 2021 - Klage på forkasting av listeforslag i Sogn og Fjordane valgdistrikt	2021/3993	
	Politiske saker		
PS 9/21	Stortingsvalet 2021 - Gjennomføring av kontrollteljinga	2020/49095	

Godkjenningssaker
GK 11/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksnr: 2020/49095-64
Saksbehandlar: Anita Fjellheim

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesvalstyret	12/21	24.08.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 22.06.21

Møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 22. juni 2021 er lagt ved saka.

Møteprotokoll

Utval:	Fylkesvalstyret
Møtestad:	Scandic Flesland Airport, Lønningsveien 9, Blomsterdalen
Dato:	22.06.2021
Tid:	10:00-10:15

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	SP
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Arve Helle	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Morten Klementsens	Medlem	UA
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Søviknes	Medlem	FRP
Gunhild Berge Stang	Medlem	V
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Emil Gadolin	Medlem	A

Følgjande varamedlem møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Trym Aafløy	Knut Inge Andersen	UA
Rasmus Laupsa Rasmussen	Anne Gine Hestetun	A
Nina Bognøy	Emil Gadolin	A

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar, politisk sekretariat
Silje Lyngstad	Rådgevar, møtesekretør politisk sekretariat

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 8/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 9/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 01.06.2021	2020/49095	
GK 10/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 14.06.2021	2020/49095	
Referatsaker			
RS 4/21	Orientering - utsendelse av SMS og brev med påminnelse om valget	2021/20004	
Politiske saker			
PS 7/21	Val av vararepresentantar til fylkestinget	2019/11	
PS 8/21	Høring - Forslag til midlertidige endringer i valgforskriften - smittevern faglig forsvarlig gjennomføring av stortingsvalget 2021	2020/395	

Godkjenningssaker

GK 8/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 22.06.2021

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 9/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 01.06.2021

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 22.06.2021

Møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 01.06.2021 vart godkjent utan merknader.

GK 10/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 14.06.2021

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 22.06.2021

Møteprotokoll frå møte i fylkesvalstyret 14.06.2021 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 4/21 Orientering - utsendelse av SMS og brev med påminnelse om valget

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 22.06.2021

Vart referert.

Politiske saker

PS 7/21 Val av vararepresentantar til fylkestinget

Forslag til vedtak

1. Fylkesvalstyret vel Nils Bjarte Sæle som ny varamedlem til fylkestinget.
2. Fylkesvalstyret vel Torill Jørgensen Frøise som ny varamedlem til fylkestinget.
3. Fylkesvalstyret vel Jan Henrik Nygård som ny varamedlem til fylkestinget.
4. Fylkesvalstyret vel Aasmund Karlsen som ny varamedlem til fylkestinget.

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 22.06.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesvalstyret vel Nils Bjarte Sæle som ny varamedlem til fylkestinget.
2. Fylkesvalstyret vel Torill Jørgensen Frøise som ny varamedlem til fylkestinget.
3. Fylkesvalstyret vel Jan Henrik Nygård som ny varamedlem til fylkestinget.
4. Fylkesvalstyret vel Aasmund Karlsen som ny varamedlem til fylkestinget.

PS 8/21 Høring - Forslag til midlertidige endringer i valgforskriften - smittevern faglig gjennomføring av stortingsvalget 2021

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune er positiv til forslaget frå Kommunaldepartementet til: «Forslag til midlertidige endringer i valgforskriften - smittevern faglig forvarlig gjennomføring av stortingsvalget 2021».
2. Vestland fylkeskommune sluttar seg til at det kjem ein forskrift om smittevern fagleg forsvarleg gjennomføring av stortingsvalet 2021. Vallova har i dag ingen reglar om at kommunane skal iverksette smitteverntiltak ved gjennomføring av stortingsvalet.
3. Vestland fylkeskommune støttar Kommunaldepartementet sitt forslag til ny § 26 a i forskrifta, punkt 1. Valstyret skal sørgje for at det vert iverksett tiltak å sikre ein smittevern fagleg gjennomføring av førehandsstemmegivnaden ved Stortingsvalet 2021. Det må settast i verk tiltak som bidreg til at sjuke valfunksjonærar og stemmestyremedlemer ikkje deltek i førehandsstemmegivinga. Nødvendige hygienetiltak og kontaktreduserande tiltak må settast i verk.
4. Vestland fylkeskommune støttar Kommunaldepartementet sitt til ny § 26 a i forskrifta punkt 2. Valstyret skal sørgje for at det under førehandstemmegivnaden er mogeleg å halde minst ein meter avstand til andre som ikkje er i same husstand, målt frå skulder til skulder.
5. Vestland fylkeskommune er samd i forslaget til forskrift § 30 a. Forskrifta § 26 a, «Smittevern faglig forsvarleg gjennomføring av forhåndsstemmegivingen ved stortingsvalet i 2021» gjeld tilsvarande for gjennomføring av valtinget.

Saksprotokoll i fylkesvalstyret - 22.06.2021

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune er positiv til forslaget frå Kommunaldepartementet til: «Forslag til midlertidige endringer i valgforskriften - smittevern faglig forvarlig gjennomføring av stortingsvalget 2021».
2. Vestland fylkeskommune sluttar seg til at det kjem ein forskrift om smittevern fagleg forsvarleg gjennomføring av stortingsvalet 2021. Vallova har i dag ingen reglar om at kommunane skal iverksette smitteverntiltak ved gjennomføring av stortingsvalet.
3. Vestland fylkeskommune støttar Kommunaldepartementet sitt forslag til ny § 26 a i forskrifta, punkt 1. Valstyret skal sørgje for at det vert iverksett tiltak å sikre ein smittevern fagleg gjennomføring av førehandsstemmegivnaden ved Stortingsvalet 2021. Det må settast i verk tiltak som bidreg til at sjuke valfunksjonærar og stemmestyremedlemer ikkje deltek i førehandsstemmegivinga. Nødvendige hygienetiltak og kontaktreduserande tiltak må settast i verk.
4. Vestland fylkeskommune støttar Kommunaldepartementet sitt til ny § 26 a i forskrifta punkt 2. Valstyret skal sørgje for at det under førehandstemmegivnaden er mogeleg å halde minst ein meter avstand til andre som ikkje er i same husstand, målt frå skulder til skulder.
5. Vestland fylkeskommune er samd i forslaget til forskrift § 30 a. Forskrifta § 26 a, «Smittevern faglig forsvarleg gjennomføring av forhåndsstemmegivingen ved stortingsvalet i 2021» gjeld tilsvarande for gjennomføring av valtinget.

Referatsaker

**RS 5/21 Kopibrev - vedtak - Stortingsvalet 2021 - Klage på forkasting av listeforslag
i Sogn og Fjordane valgdistrikt**



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Jan Harald Håvik

Deres ref

Vår ref

Dato

21/3001-14

24. juni 2021

Storingsvalget 2021 – Klage på forkasting av listeforslag i Sogn og Fjordane valgdistrikt

Vi viser til e-post 8. juni 2021 til departementet, hvor det klages på fylkesvalgstyrets vedtak om å forkaste listeforslaget til Kystpartiet ved stortingsvalget i 2021.

Klagen ble behandlet av rik valgstyret i møte 22. juni 2021. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har som sekretariat for rik valgstyret, forberedt saken. Vi siterer fra saksfremlegget:

Bakgrunn for klagen

Jan Harald Håvik, listeansvarlig i Kystpartiet for Sogn og Fjordane valgdistrikt, klaget i e-post 8. juni 2021 på Vestland fylkesvalgstyres vedtak om å forkaste listeforslag til Kystpartiet ved stortingsvalget i 2021, på grunn av for få underskrifter på listeforslaget.

Klageren viser til at lederen for Kystpartiet i Vestland, Anne Karin Gullbrå Hilleren, siden februar i år, har vært i gjentakende kontakt med Valgdirektoratet om utfordringer med den digitale løsningen for å registrere signaturer til støtte for valglister.

Klageren viser til at de annonserte for den digitale signaturløsningen. Disse annonsene registrerer antallet beøkende til annonsen og antallet klikk på lenken videre til signatur for den for den angitte valglisten i nettløsningen hos Valgdirektoratet. Det opplyses i klagen at for Sogn og Fjordane har det blitt registrert 574 klikk videre til signering på valglisten, mens bare 24 har signert på valglisten. Klageren sier også at de har fått mange tilbakemeldinger som bekrefter at det ikke har vært mulig å få registrert sin elektroniske signatur.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelingen

Saksbehandler
Jan Morten
Sundeid
22 24 72 49

I klagen anføres det videre at de ble nektet å sende inn bilder av i overkant av 100 fysiske underskrifter de hadde samlet inn, for å levere de originale signaturene på et senere tidspunkt.

Klageren mener det er overveiende sannsynlig at registrerte klikk direkte på lenken til digital signatur er gjort i den mening å signere digitalt. Gitt de utfordringene med den digitale løsningen partiet har møtt, mener klageren at det er sannsynlig at de grunnet disse utfordringer har tapt 500 signaturer i den digitale løsning. Klageren viser videre til at partiet også ble forhindret fra å levere inn 100 fysiske signaturer på liste. Etter klagerens vurdering innebærer dette at Kystpartiet med overveiende sannsynlighet har tapt langt flere signaturer enn de 340 de manglet grunnet utfordringer og forhindringer ved den digitale løsning og det faktum at de grunnet karantener/ventekarantene har blitt forhindret i å kunne samle inn flere fysiske signaturer og levere innsamlede signaturer til valgliste.

Klageren ber på denne bakgrunn om at listeforslaget fra Kystpartiet godkjennes.

Fylkesvalgstyrets behandling

Fylkesvalgstyret i Vestland vedtok 1. juni 2021 å ikke godkjenne listeforslaget fra Kystpartiet, da listeforslaget inneholdt for få underskrifter. Ifølge saksfremlegget var det ved innleveringen 31 mars 26 underskrifter vedlagt listeforslaget. 26. april leverte partiet ytterligere 49 underskrifter. Det ble også levert omtrent 80 underskrifter 7. mai. Ifølge saksfremlegget manglet Kystpartiet derfor 340 underskrifter for å kunne stille liste i Sogn og Fjordane.

Fylkesvalgstyret behandlet klagen 14. juni 2021. Fylkesvalgstyret vedtok å opprettholde vedtaket av 1. juni om å ikke godkjenne listeforslaget. I saksfremlegget til møtet fremgår det at fylkesvalgstyret ikke har fått beskjed om at det har vært feil ved den digitale løsningen for å samle inn underskrifter til listeforslag utover kortere nedetid av "MinID".

Listeforslagsstillerne fikk frist til 16. mai for å oppfylle kravene i loven til listeforslaget. Dette var utfordrende for flere partier. Administrasjonen i fylkeskommunen hadde frem til 27. mai kontakt med de tillitsvalgte for å sikre at de fikk orden på listeforslaget. Dette gjaldt også Kystpartiet.

Når det gjelder klagers anførsel om at de ble nektet å sende inn bilder av i overkant av 100 fysiske underskrifter de hadde samlet inn, for å levere de originale signaturene på et senere tidspunkt, fremgår følgende av fylkeskommunens saksfremlegg:

Som nemnt før i saka leverte partiet ved to andre høve underskrifter til fylkesvalstyret etter frist for å levere listeforslag 31. mars 2021. Moglegheita til å levere listeforslag fysisk i heile perioden frå 31. mars 2021 til 27. mai 2021 var kommunisert til partiet.

Det er rett som partiet skriv i klaga, at dei bad om å få sende inn underskrifter som var klare i Sogn og Fjordane digitalt. Bakgrunnen for førespurnaden var at det var problematisk å få henta underskriftene grunna smitteverntiltak eller

karantene. Fylkesrådmannen bad om å få dei originale underskriftene for handsaming.

I vallova § 13 «Underskrifter etter valgloven § 6-3 (2) – skrift på papir, taushetsplikt» står det følgjande:

«(1) Underskriftene på listeforslag som innleveres av uregistrerte grupper og av registrerte partier som ikke har oppnådd tilstrekkelig oppslutning til å komme inn under lovens forenklete krav for innlevering av listeforslag i valgloven § 6-3 (1), skal være skrift på papir.»

Underskrifter på listeforslag kan vere vanskeleg å tyde. Det er fleire døme på at underskrifter ikkje vert godkjend fordi administrasjonen ikkje klarar å tyde namn og anna relevant informasjon. Skanna versjonar av dokument med underskrifter er vanskelegare å tyde enn originaldokument. Sidan kravet i valforskrifta er tydeleg på at underskrifter må leverast inn som skrift på papir, ville fylkesrådmannen ikkje handsame underskriftene før originalane vart levert inn fysisk. Både med bakgrunn i kravet i valforskrifta, men og for å syte for at så mange som mogleg av underskriftene vart godkjent.

Fylkesrådmannen kan informere om at dei 100 underskriftene som Kystpartiet Vestland refererer til i klagen ikkje er levert inn, verken i skanna versjon eller som skrift på papir.

Det fremgår vidare av saksfremstillingen at det ikke er mulig å dispensere fra kravet om 500 underskrifter for listeforslaget fra Kystpartiet.

Departementets merknader

Klage med krav om endring av fylkesvalgstyrets vedtak om å godkjenne eller å forkaste et listeforslag, må fremsettes innen syv dager etter offentliggjøringen av overskriftene på de godkjente valglistene, jf. valgloven § 6-8. Alle med stemmerett har klagerett i det valgdistriktet de er manntallsført, jf. valgloven § 13-1 første ledd sammenholdt med § 6-8. De formelle vilkårene for klage er oppfylt.

Kystpartiet er registrert i Partiregisteret, men fikk ikke minst 500 stemmer i ett valgdistrikt eller minst 5000 stemmer i hele landet i hele landet, ved forrige stortingsvalg. Det følger da av valgloven § 6-3 andre ledd bokstav a at listeforslaget skal være underskrevet av minst 500 personer med stemmerett i valgdistriktet ved det aktuelle valget. Kravet om minst 500 underskrifter er absolutt. Valgloven har ingen hjemmel for å fravike dette kravet.

Klageren viser til at det har vært ulike problemer med Valgdirektoratets system for å samle inn underskrifter på listeforslagene elektronisk. Departementet vil peke på at dette er forhold som ikke har betydning for vurderingen av om listeforslaget inneholder et tilstrekkelig antall underskrifter.

Listeforslaget fra Kystpartiet er ikke underskrevet av minst 500 personer, og departementet anbefaler derfor at klagen ikke tas til følge.

Riksvalgstyret fattet følgende enstemmige vedtak:

1. *Riksvalgstyret slutter seg til departementets vurdering.*
2. *Klagen fra Jan Harald Håvik tas ikke til følge.*

Med hilsen

Siri Dolven (e.f.)
avdelingsdirektør

Jan Morten Sundeid
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Vestland fylkeskommune

Politiske saker
PS 9/21 Stortingsvalet 2021 – Gjennomføring av kontrollteljinga

Saksnr: 2020/49095-65
Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesvalstyret	9/21	24.08.2021

Stortingsvalet 2021 – Gjennomføring av kontrollteljinga

Forslag til vedtak

Fylkesvalstyret vil møtast digitalt for å handsame føreslått forkasta røystesetlar og eventuelle saker på desse tidspunkta:

Onsdag 15. september:

- Kl. 13:00
- Kl. 17:00

Torsdag 16. september:

- Kl. 12:00
- Kl. 17:00

Fredag 17. september:

- Kl. 12:00
- Kl. 17:00

Laurdag 18. september:

- Kl. 12:00
- Kl. 17:00

Møter vert berre heldt til alle føreslått forkasta røystesetlar er handsama. Resterande møter vert avlyst.

Fylkesvalstyret tek elles saka til orientering.

Samandrag

Etter vallova skal fylkesvalstyret kontrollera gjennomføringa av fylkestingsvalet og m.a. kontrolltelja røystesetlane frå alle kommunane i fylket og handsame føreslått forkasta røystesetlar.

Fylkesvalstyret må møtast under kontrollteljinga for å handsame føreslått forkasta røystesetlar. For at ikkje arbeidsmengda skal verte for stor på kvart møte, og at arbeidet med kontrollteljinga skal gå så effektivt som mogleg legg fylkeskommunedirektøren i saka opp til fleire møter i perioden arbeidet går føre seg.

Fylkeskommunedirektøren orienterer om korleis arbeidet på kontrollteljinga vert gjennomført.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Valdagen er 13. september. Etter vallova § 10-9 skal fylkesvalstyret kontrollera gjennomføringa av fylkestingsvalet på grunnlag av det materiellet som blir sendt over frå kommunane. Dersom fylkesvalstyret finn feil ved valstyra sine avgjerder om å godkjenne eller forkaste røystesjetlar eller røystesetlar, eller feil i oppteljinga, skal feila rettast.

Fylkesvalstyret er ansvarleg for å kontrolltelje røystesetlar frå valdistriktet Sogn og Fjordane og valdistriktet Hordaland. Ved stortingsvalet 2017 talde ein totalt 363 129 røystesetlar i dei to valdistrikta fordelt slik:

- Valdistriktet Sogn og Fjordane: 62 451 røystesetlar
- Valdistriktet Hordaland: 300 678 røystesetlar

Valstyra i kommunane leverer valmateriellet til eit av to mottak: i fylkesbygget på Hermansverk (Leikanger) eller i Strømgaten 1. Sjølv kontrollteljinga tek plass i Strømgaten 1, der Bergen kommune har sin teljesentral. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune har inngått ein avtale for Stortingsvalet 2021, tilsvarande den frå fylkestingsvalet 2019. Bergen kommune stillar med det tekniske til teljesentralen, teknisk støtte og personell til skanning og verifisering. Vestland fylkeskommune leiar kontrollteljinga med eige personell. Nytt i 2021 er at fylkesvalstyret er ansvarleg for to valdistrikt. Gjennom heile prosessen er det viktig å skilje mellom dei to valdistrikta. Dette har resultert i nye rutinar, som og syter for at ein må bruke ekstra tid på kvar prosess.

Mynde til praktisk gjennomføring av kontrollteljinga er i stor grad overført til fylkeskommunedirektøren, men det er noko mynde som fylkesvalstyret ikkje kan delegere. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vore tydeleg på at fylkesvalstyret ikkje kan delegere mynde til å forkaste røystesetlar til fylkeskommunedirektøren, slik praksis har vore tidlegare. Ved stortingsvalet 2017 vart det totalt forkasta 931 røystesetlar i dei to valdistrikta. Desse var fordelt slik:

- Valdistriktet Sogn og Fjordane: 96 forkasta røystesetlar
- Valdistriktet Hordaland: 835 forkasta røystesetlar

I Hordaland fylkeskommune var det praksis å ha eit arbeidsutval frå fylkesvalstyret til stades under kontrollteljinga. Arbeidsutvalet sjekka møtebøkene til valstyra i kommunane og tok stilling til sakar som kom opp. I Sogn og Fjordane fylkeskommune var det ikkje praksis for å ha fylkesvalstyret til stades, i sin heilheit eller med arbeidsutval. Under kontrollteljinga av fylkestingsvalet 2019 i Vestland fylkeskommune vart praksis frå Hordaland følgt. Med bakgrunn i presiseringa frå kommunal- og moderniseringsdepartementet er det tydeleg at eit vedtaksført fylkesvalstyre må vere til stades, fysisk eller digitalt, for å handsame føreslått forkasta røystesetlar.

Gjennomføring av kontrollteljinga

Sjølv kontrollteljinga tek plass i Strømgaten 1, der Bergen kommune har sin teljesentral. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune har inngått ein avtale for Stortingsvalet 2021, tilsvarande den frå fylkestingsvalet 2019. Bergen kommune stillar med det tekniske til teljesentralen, teknisk støtte og personell til skanning og verifisering. Vestland fylkeskommune leiar kontrollteljinga med eige personell.

Mottak av valmaterieil frå kommunane

Valstyra i kommunane leverer valmateriellet onsdag 15. september til eit av to mottak: i fylkesbygget på Hermansverk (Leikanger) eller i Strømgaten 1. I mottaka vil to valmedarbeidarar frå fylkeskommunen ta i mot valmateriellet og sjekke dei mot ei utfylt kvittering som kommunen leverer med valmateriellet. Her vert det sjekka at alle kolli som er ført opp vert levert, at dei er merka riktig, at alle røystesetlane ligg riktig plassert, at møteboka er signert av eit vedtaksført valstyre og at kontakinformasjon til valansvarleg i kommunen er ført opp på kvitteringa. Kommunen må sjølv rette på eventuelle feil eller manglar ved valmateriellet. Merknadar vert ført på kvitteringa som følgjer valmateriellet.

Logistikk av valmaterieil

Valmateriellet som vert levert i Leikanger vert transportert til Strømgaten 1 same dag. Det vil til alle tider vere innelåst eller under oppsyn av to valmedarbeidarar. I Strømgaten er det dedikerte valmedarbeidarar som jobbar med logistikk av røystesetlane. Dei syter for at valmateriellet heile tida vert plassert riktig med tanke på neste operasjon. Dei syter for at valmateriellet ikkje vert blanda med andre kommunar og at det heile tida er plassert i riktig valdistrikt.

Valmateriellet vert pakka om

Valmateriellet vert flytta frå mottaket i Strømgaten 1, eller frå transporten frå Leikanger, til ompakk. Her vil valmedarbeidarane jobbe to og to, slik at valmateriellet aldri vert handsama av berre ein person. Kvart par vil handtere ein kommune. Det første dei gjer er å sjekke møteboka:

- Ny sjekk av underskrifter frå valstyret
- Om opningstidene følgjer vallova
- Om oversikta over forkasta røystegjevingar stemmar med dei forkasta røystegjevingane som er levert inn med valmateriellet.

Eventuelle feil eller manglar her vert registrert, og valansvarleg vert informert. Så vert valmateriellet pakka om til esker som skal syte for skanninga og verifiseringa går så effektivt som mogleg. Kvar eske får ein strekkode som vil følgje eska gjennom prosessen i teljesentralen.

Teljesentralen

Esker med valmateriell vert henta inn i teljesentralen. Her går alt føre seg i EVA (elektronisk valgssystem) som valdirektoratet har utvikla og driftar. I EVA Jobbstyring vil valmedarbeidarar frå fylkeskommunen gjere eskene klar for skanning. I EVA Skanning vert kvar røystesetel skanna og kategorisert til parti. I stor grad vil og rettingar på røystesetelen registrerast i EVA Skanning. Når ei eske er ferdig skanna går den til EVA Verifisering. Her får verifiserarane opp alle røystesetlar som EVA Skanning har problem med å kategorisere. Det gjeld i hovudsak røystesetlar der EVA Skanning ikkje kan sjå:

- Om røystesetelen har stempel
- Kva parti veljaren har røysta på
- Om partiet veljaren har røysta på stillar liste i valdistriktet
- Kva val røystesetelen gjeld for
- Kva rettingar på røystesetelen veljaren har gjort

Verifiserarane har tydelege rutinar som dei skal følgje ved dei ulike utfordringane dei møter. Om verifiserarane ikkje kan svare sikkert på ein av dei fire første punkta over vert røystesetelen føreslått forkasta. Desse røystesetlane skal fylkesvalstyret handsame før dei vert godkjent eller endeleg forkasta. Fylkeskommunen har to valmedarbeidarar i verifiseringa som fungerer som fagleiarar. Alle spørsmål om verifiseringa skal gå til dei.

Når alle eskene i ei teljekategori for ein krets er ferdig verifisert, skal jobbstyring velje ut ei eske til stikkprøve. Det skal vere 1 stikkprøve for kvar teljekategori i kvar krets. Det er 5 teljekategoriar:

- alle ordinære førehandsrøystesetlar
- alle seint innkomne/lagt til side
- alle ordinære valtingsrøystesetlar
- alle røyster i særskilt omslag
- alle framandrøyster/(alle beredskapsrøyster)

I EVA Stikkprøve skal to og to valmedarbeidarar frå fylkeskommunen sjå på det som er skanna og registrert på kvar røystesetel mot den faktiske røystesetelen. Det er viktig å presisere at stikkprøvekontrollen ikkje skal sjekke arbeidet i EVA Verifisering, men berre det som vert gjort i EVA Skanning. Det vil seie at om EVA Skanning til dømes registrerer kvar 4. røystesetel som ei røyst til «Testpartiet» skal det fangast opp i EVA stikkprøve.

Når ei eske er ferdig skanna, verifisert og i nokre høve vore innom stikkprøvekontroll vert eska registrert som «Ferdig» i EVA Jobbstyring. Unntaka er om det er ei røystesetel i eska som er føreslått forkasta. Då kan ikkje eska stengjast i EVA Jobbstyring før fylkesvalstyret har handsama røystesetelen. I begge høve vert eska frakta ut av teljesentralen og inn på eit mellomlagringsrom.

Lagring av valmateriell

Når kontrollteljinga er over vert alt valmateriellet frakta til eit lager. To valmedarbeidarar frå fylkeskommunen vil følgje valmateriellet til det er låst inne på lager. Fylkeskommunen vil halde på valmateriellet til neste storting er valt og sett.

Fylkesvalstyret sitt ansvar under kontrollteljinga

Fylkeskommunedirektøren har vore i kontakt med valdirektoratet angående fylkesvalstyret sitt ansvar under kontrollteljinga. I e-post datert 16. februar 2021 vart eit slikt spørsmål stilt til

valdirektoratet (oppsummert):

«Skal fylkesvalstyret vere til stades under kontrollteljinga, eller ikkje?

Det er eit krav om at fylkesvalstyret skal godkjenne forkasting av røystesetlar. Dette må gjerast i valsystelet før ein kan ta eit valoppgjær. Valoppgjæret skal publiserast så snart det er gjort. Fylkesvalstyret har møte fleire dagar etter dette. Om fylkesvalstyret finn feil i forkasta røystesetlar krev det kontakt med valdirektoratet som må «opne opp att» kontrollteljinga, før ein kan gjere endringar. Korleis skal fylkesvalstyret kunne godkjenne forkasting av røystesetlar om dei ikkje er til stades under kontrollteljinga?»

I e-post datert 10. mars 2021 fekk vi svar frå valdirektoratet. Dei skriv at følgjande er ordrett svar frå kommunal- og moderniseringsdepartementet:

«Valgloven § 10-9 regulerer fylkesvalgstyrenes kontroll av gjennomføringen av stortingsvalg og fylkestingsvalg. Bestemmelsens første ledd lyder:

«Fylkesvalgstyret skal kontrollere gjennomføringen av stortingsvalg og fylkestingsvalg i kommunene med grunnlag i det materiell det får tilsendt etter § 10-8. Dersom fylkesvalgstyret finner feil ved valgstyrets avgjørelser om å godkjenne eller forkaste stemmegivninger eller stemmesedler, eller feil i valgstyrets opptelling, skal feilene rettes.»

Det følger av merknaden til bestemmelsen om fylkesvalgstyrenes kontroll i forarbeidene til loven (Ot.prp. nr. 45 (2001-2002) s. 276) at fylkesvalgstyret skal foreta en ny og samlet opptelling for alle kommunene i fylket:

«Bestemmelsen gir fylkesvalgstyret hjemmel til å kontrollere at gjennomføringen av valgene i den enkelte kommune i fylket er skjedd i samsvar med valglovens regler. I første rekke vil valgstyrenes møtebøker danne grunnlag for denne kontrollen. Bestemmelsen gir også fylkesvalgstyret hjemmel til å rette eventuelle feil begått av valgstyrene. Fylkesvalgstyrene må således også kontrollere at alle stemmegivninger og stemmesedler er godkjent eller forkastet i samsvar med valglovens bestemmelser. I tillegg må fylkesvalgstyret foreta en ny og samlet opptelling av alle godkjente stemmesedler for alle kommunene i fylket som grunnlag for valgoppgjæret. Kontrollen må gjennomføres før valgoppgjæret tar til.»

Enkelte fylkesvalgstyret vil som følge av at valgdistriktene ikke lenger samsvarer med fylkesinndelingen, ha ansvar for mer enn ett valgdistrikt ved stortingsvalg. Det er ikke krav til at kontrolltellingen skal skje under fylkesvalgstyrets tilsyn, slik den endelige opptellingen skal skje under valgstyrets tilsyn etter bestemmelsen i § 10-6 første ledd. Fylkesvalgstyret kan imidlertid kun delegerer myndighet i "saker som ikke har prinsipiell betydning" til kommunedirektøren, jf. kommuneloven § 13-1 sjette ledd. Kommunedirektøren kan delegerer sin myndighet videre til andre personer i administrasjonen. Myndighet som typisk vil være av prinsipiell betydning, og som derfor ikke kan delegeres, er forkastelse av stemmegivninger eller stemmesedler.

Dette innebærer at dersom de som i praksis foretar kontrollen etter § 10-9 mener at stemmegivninger eller stemmesedler skal forkastes, må disse legges frem for fylkesvalgstyret som tar stilling til om de skal forkastes. Dersom opptellingen for de ulike valgdistriktene i fylket skjer på ulike steder i fylket, antar departementet at administrasjonen vil kunne delta digitalt i fylkesvalgstyrets møte, og vise fram stemmegivningene eller stemmesedlene ved hjelp av videokonferanseutstyr.»

I same e-post kom valdirektoratet med slikt forslag til korleis ein kan handsame føreslått forkasta røystesetlar:

«Dette innebærer at valgloven ikke stiller krav om at fylkesvalgstyret skal være til stede ved kontrolltellingen, og det blir derfor opp til fylkesvalgstyret selv å vurdere hvordan de best kan ivareta sitt ansvar. Forkastelser må de imidlertid ta stilling til. Når det gjelder spørsmålet om arbeidsflyt og hvordan tellinger og forkastelser håndteres i EVA, foreslår vi en prosedyre i retning av dette:

1. Kontrolltellinga gjennomføres av de opptellingsansvarlige på vanlig måte. Fylkesvalgstyret bestemmer selv om er fysisk til stede når denne pågår. Tellinga **godkjennes ikke** i EVA.
2. Etter tellinga er fylkesvalgstyret tilgjengelig, enten fysisk eller på video, og tar stilling til de foreslåtte forkastelsene. Dette må gjøres av fylkesvalgstyret selv, siden det er en sak av prinsipiell art.
3. Når kontrollen av forkastelser er gjennomført og eventuelle korrigeringer gjort, kan tellinga godkjennes i EVA og valgoppgjør foretas.
4. Fylkesvalgstyret får fremlagt møteboken og signerer den.»

Vedtakskompetanse

Jamfør vallova § 10-9 har fylkesvalstyret mynde til å gjere vedtak i saka.

Vurderingar og verknader

Basert på tilbakemeldinga frå kommunal- moderniseringsdepartementet merker fylkeskommunedirektøren seg at:

1. Det ikkje er noko krav til at fylkesvalstyret skal vere til stades under kontrollteljinga.
2. At fylkesvalstyret ikkje kan delegera mynde til å handsame føreslått forkasta røystesetlar til arbeidsutval eller til fylkeskommunedirektøren .
3. At føreslått forkasta røystesetlar må handsamast før eit valoppgjør vert produsert og publisert.

Då eit arbeidsutval frå fylkesutvalet ikkje kan ta dei avgjerdene som er naudsynt i samband med føreslått forkasta røystesetlar, vil det vere behov for at eit vedtaksført fylkesvalstyret er tilgjengeleg under kontrollteljinga.

Ved stortingsvalet 2017 var det totalt 931 forkasta røystesetlar i dei to valdistrikta. For å handsame føreslått forkasta røystesetlar må fylkesvalstyret sjå på kvar og ein røystesetel. For arbeidsflyten i EVA Jobbstyring er det ei fordel om ein så fort som mogleg kan sette kretsar og kommunar til «Ferdig». Det gjer arbeidet til valmedarbeidarane meir oversikteleg, i ein prosess som krev full konsentrasjon og ikkje har rom for feil. Det er ikkje mogleg å sette kretsar og kommunar til «Ferdig» før føreslått forkasta røystesetlar er handsama.

Fylkeskommunedirektøren vil difor rå til at det vert sett opp regelmessige møtepunkt for fylkesvalstyret gjennom kontrollteljinga. Då vert dei føreslått forkasta røystesetlane delt opp i fleire møter, og ein har moglegheit for å sette kretsar og kommunar til «Ferdig» fortløpande gjennom kontrollteljinga. Eventuelle andre saker som kjem opp i prosessen vil ein då kunne ta opp på desse hyppige møta.

Fylkeskommunedirektøren ønskjer fylkesvalstyret velkomen til Strømgaten 1 under kontrollteljinga. Men med omsyn til smittevern i ei kritisk prosess og med dei gode erfaringane fylkeskommunen har hatt med digitale politiske møter ser fylkeskommunedirektøren at det kan vere hensiktsmessig å legge opp til digitale møter for fylkesvalstyret i denne prosessen. Om fylkesvalstyret ønskjer fysiske møter vil fylkeskommunedirektøren legge til rette for det.

Sjølv om møta vert digitale vil fylkesvalstyret sine medlemmer vere velkomen til kontrollteljinga og vil kunne få sjå på dei prosessane som går føre seg der om dei ønskjer. Kontrollteljinga er eit opent møte, og den som ønskjer det skal difor få tilgang til dei «grøne sonene» i teljesentralen. Som medlem i fylkesvalstyret vil ein og få tilgang til dei «raude sonene».

Økonomi: Ikkje aktuelt.

Klima: Ikkje aktuelt.

Folkehelse: Ikkje aktuelt.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje aktuelt.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren råar til at fylkesvalstyret har digitale møter for å handsame føreslått forkasta røystesettlar og eventuelle saker på desse tidspunkta:

Onsdag 15. september:

- Kl. 13:00
- Kl. 17:00

Torsdag 16. september:

- Kl. 12:00
- Kl. 17:00

Fredag 17. september:

- Kl. 12:00
- Kl. 17:00

Laurdag 18. september:

- Kl. 12:00
- Kl. 17:00

Møter vert berre heldt til alle føreslått forkasta røystesettlar er handsama. Resterande møter vert avlyst.